

Saker å ta fatt i etter oppsummering av turistsesongen i Herand 2018

- Sommarekspressruta på fjorden kan bli lagt ned etter to års drift til på grunn av mangel på tilskot frå fylket. Det er mange krefter i sving rundt fjorden for å få fylket til å endre meining. Denne ruta er svært viktig for Herand. Bygdelaget har sendt innspel som vart kanalisert via Visit Hardangerfjord.
- Viktig å ha god pizzakokk i Meieriet! Den som har vore der i sommar, har vore svært bra. Er der grunnlag for lunsjdrift?
- Lag lister over alle som tilbyr overnatting med kontaktinformasjon og kart i ein perm el.l., og plasser kopiar i kiosken, på butikken og Juklafjord turistinfo. Ta med referansar til fjellturar på visitjondal.no og ut.no
- Bruk aktivt facebook-sida for overnatting i Herand som er der, opprett tilsvarande Messengergruppe for enkelt å formidle beskjedar og spørsmål om ledige rom og liknande. (Dette skal no vere gjort.)
- Mas på mobilselskap om å få ei mobilmast på Ramneberg el.l. Vil gje langt betre dekning i sentrum, øvre Herand og innover i fjellet.
- Parkering – har vore ein del kaotisk i sommar. Behovet er stort, besøkande til Meieriet / Kramsjø / båthamna / hytter på Herandsholmen / dagsturistar osb. Av og til flyt det over til plassen ved butikken, men det kan skape problem der. Vi har før snakka om plassen ved Meieriet utan å få kjøpe den, og det er heller kanskje ikkje pent med P-plassar akkurat der. Kan det lagast til på plassen ved Sævarebrua ovanfor oppgangssaga? Er der andre plassar? Viktig å stå saman og utvikle ting felles.
- Vi kan få Jondal kommune til å involvere seg dersom vi kan vise til at turismen i Herand utgjer ein viktig del av talet på gjestesenger og overnattingar i heile Jondal, og at Herand for ein stor del utviklar og held ting ved like med mindre støtte enn det som blir ytt i Jondal sentrum.
- Båtlaget bør ha kontroll på om bilar på kaien betalar parkering og handheve reglane.
- Markedsføring: Kven satsar vi på, kven vil vi nå? Besøkande nemner særleg fred og ro. Vi trur potensialet er stort! Er det mogeleg å lage felles nettside for markedsføring el.l.?